

Betalingsvilkår for utdanningstilbud ved Høgskulen på Vestlandet

1 Generelle reglar

1.1 Verkeområde

Betalingsvilkåra for utdanningstilbud ved Høgskulen på Vestlandet, i dette dokumentet, heretter omtalt som “Betalingsvilkår” gjeld for:

- a) studentar med opptak etter Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet¹ og Forskrift til universitets- og høgskulelova² til studietilbud med studieavgift (i forskrift til universitets- og høgskulelova omtalt som *eigenbetaling*) ved Høgskulen på Vestlandet (HVL).
- b) kursdeltakarar på ikkje-poenggeivande kurs med kursavgift.

Betalingsvilkåra gjeld ikkje for studentar som har fått opptak til eit studium eller kurs betalt av oppdragsgjevar.

Semesteravgift kan komme i tillegg, eigne vilkår gjeld: Forskrift om studentsamskipnadar³

1.2 Studenten/kursdeltakar si undersøkingsplikt

Studenten/kursdeltakaren pliktar å sette seg inn i gjeldande betalingsvilkår. I tillegg til betalingsvilkåra er alle studentar forplikta til å sette seg inn i gjeldande forskrifter ved HVL (sjå nettside: Lover, forskrifter, reglar og retningslinjer⁴).

1.3 Avlysing og endringar

HVL tek seg rett til å avlyse:

- a) studium etter Forskrift om opptak til Høgskulen på Vestlandet § 7-6⁵, inntil 14 dagar før studiestart. Dersom HVL avlyser studietilbodet skal varsel om avlysing sendast til studenten så tidleg som mogleg og seinast innan 14 dagar før oppstart.
- b) ikkje-studiepoenggeivande kurs med kursavgift, inntil 5 virkedagar før kursstart.

Dersom studenten/kursdeltakaren har betalt studieavgift/kursavgift når HVL avlyser studiet/kurset, vil studieavgifta/kursavgifta bli refundert i sin heilskap. Eventuelle utgifter til reise og opphald som studenten/kursdeltakaren har betalt, vil ikkje bli refundert.

Dersom HVL må avlyse på grunn av force majeure, vil **ikkje** studenten eller kursdeltakaren ha krav på kompensasjon, utbetring, refusjon, heving eller erstatning.

¹ FOR-2025-06-12-1547: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2025-06-12-1547/>

² FOR-2024-06-28-1392: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2024-06-28-1392/>

³ FOR-2008-07-22-828: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2008-07-22-828>

⁴ <https://www.hvl.no/om/sentrale-dokument/reglar/>

⁵ https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2024-06-24-1858/KAPITTEL_7#KAPITTEL_7

HVL tek seg rett til å endre desse betalingsvilkåra. Eventuelle endringar vil gjelde tidlegast frå semesteret etter rektorvedtak om endring av betalingsvilkåra.

HVL tar generelt atterhald om trykkfeil i tilgjengeleg informasjon.

1.4 Pris og prisjustering

Prisar på studie- og kursavgift kjem fram på nettsida til studie/kurstilbodet. HVL kan foreta årlege prisjusteringar med verknad frå nytt kalenderår.

2 Avtaleinngåing og betalingsvilkår

2.1 Inngåing av avtale om studietilbod med studieavgift

Studenten/kursdeltakaren aksepterer desse betalingsvilkåra og inngår økonomisk og juridisk bindande avtale med HVL, etter angrerettlova⁶, ved å:

- a) takke JA til studieplass, eller
- b) takke JA til kursplass, eller
- c) melde seg på kurs med automatisk tildeling av plass

HVL inngår ein økonomisk og juridisk avtale med student/kursdeltakar - ikkje med ein tredjepart. Dersom fakturaadresse skal endrast til en tredjepart må det bli inngått ein eigen avtale om dette mellom student/kursdeltakar, tredjepart og HVL.

Studenten er økonomisk bunden til å betale for heile studiet/avtaleperioden hen har takka JA til studieplass på. Døme: Dersom studenten har takka JA til studieplass på eit studieprogram som går over 4 år, er studenten forplikta til å betale for 4 år. Sjå punkt 3 for reglar for angrerett, permisjon og avbrot frå studiet.

2.2 Betaling

2.2.1 Studieavgift/kursavgift

Studenten/kursdeltakar pliktar å betale studieavgift/kursavgift i samsvar med HVL sine gjeldande prisar jfr. pkt. 1.4.

HVL kan etter skriftleg avtale med student og tredjepart endre fakturaadresse, men studenten/kursdeltakaren er likevel juridisk og økonomisk ansvarleg for at faktura blir betalt. Eigne rutinar gjeld for dette.

Studieavgift/kursavgift fakturerast i starten av kvart semester.

Studieavgifta må vere betalt i sin heilskap seinast 14 dagar før eksamen, for at eksamen skal kunne avleggast i hht. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet § 11-3.(4)⁷.

For kurs må heile kursavgifta vere betalt før utskriving av kursbevis.

⁶ LOV-2014-06-20-27: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2014-06-20-27>

⁷ FOR-2025-06-12-1547: <https://lovdata.no/forskrift/2025-06-12-1547/§11-3>

2.2.3 Fakturavilkår og purring

Dersom betalinga ikkje er registrert innan forfallsdato, vil det tilkomme eit purregebyr på 35 NOK. Dersom det framleis ikkje er registrert betaling, blir det sendt ut inkassovarsel med nytt purregebyr. Kravet blir deretter sendt til inkasso og ytterlegare omkostningar vil kome til, dersom faktura framleis er ubetalt.

Studenten/kursdeltakaren er juridisk og økonomisk ansvarleg for at faktura blir betalt, jfr. pkt. 2.1 og 2.2.1. Inkassosaka vil derfor bli oppretta i studenten sitt namn.

3 Angrerett, permisjon og avbrot frå studiet

3.1 Angrerett

Studentar/kursdeltakarar har rett til å gå frå avtalen (angrerett) ved å gje melding til HVL før utløpet av angrefristen, jfr. angrerettlova § 21. Angrefristen blir sett på som overhalden dersom melding er sendt før fristen har gått ut. Angreretten kan nyttast utan at ein må oppgje noko grunn.

Angrefristen er 14 dagar frå den dagen studenten/kursdeltakaren takkar JA til studieplass/kursplass, jfr. angrerettlova § 21.

Ved å nytte angreretten innan fristen fell kravet om betaling av avgifter bort, og eventuell betalt avgift vil bli refundert seinast 14 dagar etter HVL har motteke melding om at angreretten nyttast, jfr. angrerettlova § 24.

Dersom studenten/kursdeltakaren takkar JA til studieplass/kursplass på eit studietilbod/kurs som startar før angrefristen har gått ut, har studenten/kursdeltakaren ved å starte på studiet, gitt samtykke til å gje frå seg retten til å kostnadsfritt gå frå avtalen som er inngått. Dersom studenten/kursdeltakaren vel å nytte angreretten, må studenten/kursdeltakaren rekne med å betale høveleg del av den undervisningstenesta som er motteke, jfr. angrerettlova § 26.

Angrefristen går uavhengig av eventuell søknad hos Lånekassen eller søknad om anna finansiering. Dette gjeld også dersom studenten/kursdeltakaren ventar på svar på søknad om tilrettelegging i studiet.

3.2 Permisjon

Vilkåra i kapittel 5⁸ i Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet gjeld.

Studentar/kursdeltakarar som ønskjer å søke permisjon frå studiet, må sende skriftleg søknad om permisjon. Les meir om reglar og rutinar for permisjon⁹.

Studenten pliktar å gje beskjed til HVL ved oppstart igjen. I tillegg skal det dokumenterast betalt studieavgift for semesteret hen søkte permisjon frå, ved neste oppstart på studiet.

⁸ https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2025-06-12-1547/KAPITTEL_5#KAPITTEL_5

⁹ <https://www.hvl.no/student/permisjon/>

3.3 Avmelding/avbrot

Ved avmelding/avbrot frå studiet gjeld som hovudregel rådande angreretsreglar jfr. pkt. 3.1.

Avtalen er økonomisk bindande etter at angreretten er utløpt jfr. pkt. 2.1 i desse vilkår.

Ved avmelding etter at angreretten er utløpt gjeld følgjande:

- a) kostnadsfritt fram til 1. august for haustsemester og 1. januar for vårsemester
- b) inntil to veker før studiestart må 20 % av studieavgifta betalast (maks 5 000 kr)
- c) seinare enn to veker før studiestart må heile studieavgifta betalast for inneverande semester

Ved avbrot i studium som går over fleire semester blir det kravd full betaling for påbegynte semester.

For å avslutte studierett og betalingsforpliktingar for studium som går over fleire semester, må studenten **aktivt melde seg av** studiet ved å sende inn ”sluttmelding”¹⁰. For å unngå betalingsforpliktingar for nytt semester må sluttmeldinga vere sendt seinast innan 1. september for haustsemester og seinast innan 1. februar for vårsemester.

3.4 Force majeure

Partane blir fritekne frå ansvar for manglande oppfyljing som skuldast force majeure.

Godkjent av prorektor for utdanning, 30.01.2026 (26/02971)

¹⁰ <https://www.hvl.no/om/sentrale-dokument/skjema/sluttmelding/>